



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2603
3702 Skien

Kontakt
Sentralbord +47 35 58 61 10
Direkte +47 953 00 640
fmtepost@fylkesmannen.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernområde

Sakshandsamar Peter C. A. Köller

Vår ref. 2016/1617 - 432.2

Dato 23.08.2016

Møteinnkalling og sakskart 29.08.16

Det vert med dette kalla inn til møte i verneområdestyret.

Tid: Måndag 29.08.16, kl. 10:00

Stad: Kommunehuset i Seljord

Gje beskjed snarast på 953 00 640 eller fmtepk@fylkesmannen.no om du ikkje kan møte.

Sakliste:

- | | |
|-----------|---|
| Sak 25/16 | Godkjenning av innkalling og dagsorden. |
| Sak 26/16 | Underskriving av protokollane 30.05.16 og 11.07.16. |
| Sak 27/16 | Saksframlegg klagesak: Søknad om riving av tidligare ystebu og oppføring av sankebu på Myklestul 110/2 og 5 i Gausdalen i Hjartdal kommune – Aase og Roar M. Fjeld. |
| Sak 28/16 | Saksframlegg: Ny søknad om mellombels oppstilling av campingvogn på 110/2 og 5 i Gausdalen i Hjartdal kommune – Roar M. Fjeld. |
| Sak 29/16 | Revisjon av forvaltningsplanen – godkjenning av plan for offentleg høyring. |
| Sak 30/16 | Signaturrett – fullmakt til styrets leiar. |
| Sak 31/16 | Neste møte. |



Sak 27/16

Søknad om riving av tidligere ystebu og oppføring av sankebu på Myklestul 110/2 og 5 i Gausdalen i Hjartdal kommune – Aase og Roar M. Fjeld – klagesak.

Ein syner til vedtak i verneområdestyret 30.05.16 med saksførebuingar, samt klage på vedtak frå Jan Roar Teigen og Hilde Reisjå dagsett hhv. 16.06.16 og 19.06.16.

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltningsmyndigheit for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker og eventuelle klager på vedtak, jamfør forvaltningslova § 33. Miljødirektoratet er klageinstans.

Kort om saka

Aase og Roar M. Fjeld søkte 20.02.16 om løyve til å rive ei gamal ystebu inne på Myklestul i Gausdalen, og erstatte denne med ei sankebu. Fjeld er grunneigar og har sau i området. Dei har 3 gonger tidligare søkt om løyve til å sette opp eit slikt bygg, noko verneområdestyret er positiv til. Kvar gong har styrets vedtak blitt klaga på av nokre naboar, og Miljødirektoratet har kvar gong tatt klagen til følge. Fjeld har tilpassa søknader til argumentasjon gjeve i samband med klagehandsaming. Desse tilpassingane har handla om redusert storleik og sankebuas plassering.

Vedlegg

- Klage frå Jan Roar Teigen dagsett 16.06.16 (dok. 2016/1183-13).
- Klage frå Hilde Reisjå dagsett 19.06.16 (dok. 2016/1183-14).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfoldloven.
- Forvaltningsloven.
- Forvaltningsplan for Brattefjell-vindeggen landskapsvernområde 2010-2014.
- Saksframlegg dagsett 09.05.16 (dok. 2016/1183-9).
- Uttale frå villreinnemnda dagsett 15.03.16 (dok. 2016/1183-8).
- Søknad dagsett 20.02.16 (dok. 2016/1183-1).
- Diverse bilete.

I tillegg kjem alle dokument i samband med tidligare handsaming av søknad om sankebu.

Rettsleg klagemoglegheit - vurdering

Forvaltningsloven § 28 seier mellom anna at «Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen)». Det er difor avgjerande å vurdere om den/dei som klager har rettsleg klagemoglegheit. Eit vedtak om rettsleg klagemoglegheit er eit enkeltvedtak i seg sjølv, og kan også bli klaga på.

Det kan ofte vere vanskeleg å vurdere om ein person som klagar har rettsleg klagemoglegheit eller ikkje. Det heiter seg at for å ha denne retten, så skal vedkommande være påverka rettslig, praktisk eller økonomisk, og vedkommande blir sterkare påverka enn «alle andre».



I denne saka dreier det seg om klage på vedtaket frå naboar. Det er dei same naboane som har klaga tidligare, og det har tidligare blitt vurdert at dei har hatt rettsleg klagemoglegheit. Det som er nytt no, er at sankebua er flytta inn på sjølve Myklestul. Det har tidligare blitt hevda av klagerane at bygging av sankebu ved enden av vegen ved Myklestulvatnet har vore til sjenanse for dei, mellom anna ved at tiltaket ville kunne medføre redusert åtkomst til vatnet. Slik sett blei dei praktisk påverka av tiltaket, og hadde difor rettsleg klagemoglegheit. Det blei også påpeika fleire ting i dei tidligare klagene, men det var moment som i seg sjølv neppe gjev rettsleg klagemoglegheit.

I denne saka syner Jan Roar Teigen til at han er med i eit sameige som, saman med sameige på Myklestul, har fiskerett i vatna i Gausdalen. Ystebua ligg nært ned mot Myklestulvatnet (90 meter, forvaltars merknad) og er godt synleg frå vatnet. Verneområdeforvaltaren kan ikkje sjå at Teigen blir meir påverka av dette enn «alle andre».

Teigen syner vidare til at ystebua kan ha kulturminneverde. Dette er og påpeika i saksutgreiinga og må eventuelt undersøkast og takast omsyn til, men det i seg sjølv gjev ikkje Teigen rettsleg klagemoglegheit. Ei heller hans argumentasjon med omsyn til Fjeld sin reiseveg frå heimstad, gammalt villreintrekk, bruk av stigen som går over Myklestul, eller mogleg påverknad på landskapet i Gausdalen. Ingen av desse momenta bygger opp under at Teigen blir meir påverka enn «alle andre».

Når det gjeld klagen frå Hilde Reisjå, så er det dei same argumenta som nyttast. Heller ikkje her kan forvaltaren sjå at ho blir rettsleg, økonomisk eller praktisk påverka meir enn «alle andre».

Framlegg til vedtak:

Med utgangspunkt i forvaltningsloven § 28 sin beskriving av rettsleg klagemoglegheit meiner Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde at Jan Roar Teigen og Hilde Reisjå ikkje har rettsleg klagemoglegheit. Styret kan ikkje sjå at dei blir rettsleg, økonomisk eller praktisk påverka av tiltaket meir enn «alle andre».

Med det som utgangspunkt avviser verneområdestyret klagene og vedtaket frå 30.05.16 blir ståande.

Dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på. Det kan klagast til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til direktoratet, men sendast Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Jan Roar Teigen og Hilde Reisjå.

Kopi:

- Aase og Roar M. Fjeld
- Hjartdal kommune
- Fylkesmannen i Telemark
- Miljødirektoratet
- Statens naturoppsyn Skinnarbu
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vert òg lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



Sak 28/16

Ny søknad om mellombels oppstilling av campingvogn på 110/2 og 5 i Gausdalen i Hjartdal kommune – Roar M. Fjeld.

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndighet for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

Kort om saka

Roar M. Fjeld har sia 2013 hatt ei campingvogn ståande ved Myklestulvatnet i Gausdalen sumarhalvåret. Bruken har i hovudsak vert retta mot tilsyn og sanking av sau som han har i området. Staden der campingvogna står eigast av Fjeld sjølv.

I starten var Fjeld av den oppfatninga at det ikkje var naudsynt å søke dispensasjon for oppstilling av campingvogn på eiga grunn i verneområdet, men er no kjend med at det krevjar dispensasjon.

Fjeld søkte 26.03.16 om løyve til å ha campingvogna ståande ved Myklestulvatnet i perioden 1. juni til 1. november 2016. Grunngevinga for søknaden var at vogna skulle brukast til opphald og overnatting i samband med tilsyn og sanking av egne sauer, samt det sama for ein leietakar. Verneområdestyret gav løyve til dette i møtet 30.05.16, men dette vedtaket blei klaga på.

Roar M. Fjeld valde 17.08.16 å trekkje søknaden og erstatte den med ein ny. Han har no søkt om det same som blei handsama 30.05.16, men for 2017 – sesongen.

Vedlegg

Søknad dagsett 17.08.16 (dok. 2016/1528-12).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Klage på vedtak frå Hilde Reisdal, dagsett 19.06.16 (dok. 2016/1528-9).
- Vedtaksbrev, dagsett 08.06.16 (dok. 2016/1528-8).
- Søknad, dagsett 26.03.16 (dok. 2016/1528-1).
- Brev frå Hilde Reisdal, dagsett 11.04.16 (dok. 2016/1528-5).
- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2010-2014.
- Uttale frå villreinnemnda dagsett 20.04.16 (dok. 2016/1528-6).

Det formelle grunnlaget - verneforskrifta og naturmangfaldlova

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å

- Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.
- Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.
- Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne.



Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane. Dette går og fram av § 7 i naturmangfaldlova, som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit.

Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimelig forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet. Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10 (om økosystemtilnærming og samla belastning).

Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skaden som det omsøkte tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessig beste resultatet.

Vurdering

Sida søknaden er identisk med den som blei handsama 30.05.16, og forvaltaren ikkje kan sjå andre forskjellar enn at det søkjast for oppstilling eit år seinare, er vurderinga som følgjer identisk med det som låg føre til handsaminga i mai.

Myklestulvatnet og staden der campingvogna ønskes plassera ligg i brukssona. Aktuelt forvaltningsmål for denne sona er at «Områda skal kunne nyttast til landbruksdrift for å sikre næringsgrunnlaget til grunneigarane».

I Brattefjell-Vindeggen ligger dei fleste driftsbygg i brukssona. Forklaringa er at det er nettopp i denne sona vi finner den mest aktive landbruksdrifta. Roar M. Fjeld har fleire gonger tidligare argumentera med at mangel på driftshusvære i form av sankebu er orsaka til at han trenger å bruke campingvogna. Fjeld har sau i området og har lang reiseveg mellom garden der han bur og staden han sankar sauane. Sesongen 2016 vil Fjeld ha om lag 400 sauer på beite i Gausdalen. I tillegg har han leigd ut beite til Sigbjørn Stavland som skal ha om lag 100 sau i området.

Vernereglane kapittel IV pkt. 1.1 seier «Med dei unntak som fylgjer av forskrifta pkt. 2 og 3 er det forbod mot (...), opplag av campingvogner, (...)».

Opplag av campingvogn i landskapsvernområde vil krevja ein dispensasjon etter naturmangfoldlova § 48. Denne paragrafen opnar for at det kan gis dispensasjon dersom tiltaket eller aktiviteten ikkje strir mot vernevedtakets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Når det gjeld å påverke verneverdiane nemneverdig, betyr det at det berre kan dispenseras i dei høve der tiltaket vil ha avgrensa verknad for verneverdiane. Det er med andre ord bagatellmessige inngrep og forbigåande forstyrring.

Når det gjeld kunnskapsgrunnlaget er det viktig at ein i denne saka balanserer krav til kunnskap opp mot kva saka gjeld. Det dreier seg om ei campingvogn plassert i enden av ein bilveg. Slik områdeforvaltaren ser det, har plassering av ei campingvogn 2 klare negative



effektar. Den eine er det estetiske, at det ikkje er fint å ha ei campingvogn ståande i eit naturskjønt område i 5 månader. Den andre negative effekten er dette med at ei campingvogn plassera i strandkanten på Myklestulvatnet kan vere til hinder for ålmentas bruk av staden. Frå forvaltningas ståsted er det difor viktig at vogna «gøymast» så godt som moglig, og at den settast slik at den ikkje står i vegen for ålmenta. Det første momentet blir vanskeleg å finne ein optimal løysing på, og truleg vil vogna vere best gøymd bak båthuset der den har stått tidligare. I følgje Hilde Reisjå (nabo) er slik plassering til hinder for å sette ut og ta opp båtar i Myklestulvatnet. Dette er viktig for fleire av brukarane i Gausdalen, og er difor noko Fjeld bør ta omsyn til.

Ut frå generell villreinfagleg kunnskap, kjende kulturminne, botaniske registreringar og naturtypekunnskap, kan ikkje forvaltaren sjå at opplag av campingvogna har avgjerande negativ effekt. Aktiviteten i samband med vogna er knytt opp mot sauehaldet, noko som vil gå føre uansett, jf. NML § 10 om samla belastning. Det er ikkje grunn til å bruke føre-var prinsippet, jf. NML § 9 då ein ikkje ser at aktiviteten i vesentleg grad kan gå ut over føremålet med vernet. Dessutan er ikkje aktiviteten av ein slik dimensjon at ein kan seie det har særleg betydning for samfunnets heilheitsbilete .

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Roar M. Fjeld løyve til å ha den aktuelle campingvogna ståande i opplag på eiga eigedom ved enden av vegen ved Myklestulvatnet i Gausdalen frå 01.06.17 og fram til sauesankinga er ferdig, seinast 01.11.17. Løyvet er gjeve med heimel i NML § 48, og er grunngeve med at aktiviteten ikkje er til skade for verneverdiar og verneføremål, vidare at det er av betydning for landbruksdrifta på eigedomen.

Det vart sett følgjande vilkår:

- Campingvogna skal være ute av verneområdet seinast 01.11.17.
- Snø og anna skal ikkje vere til hinder for fjerning. Eigar må i så fall brøyte vegen.
- Vogna må stå slik at den ikkje er til nemneverdig hinder for ålmenta. Det betyr også kva gjelder mogeligheter til å sette ut og ta opp båtar ol. i Myklestulvatnet.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til direktoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert send Roar M. Fjeld.

Kopi:

Hjartdal kommune
Fylkesmannen i Telemark
Miljødirektoratet
Statens naturoppsyn
Villreinnemnda

Kopi av vedtaket vil og bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



Sak 29/16

Revisjon av forvaltningsplanen – godkjenning av plan for offentlig høyring.

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er ansvarleg for utarbeiding og revisjon av forvaltningsplanen for området.

Vedlegg

Utkast til forvaltningsplan 2017 – 2027.

Bakgrunn

Under leiing av verneområdestyret, har forvaltningsplanen 2010 – 2014 vore igjennom ein revisjonsprosess som har munna ut i eit utkast til plan for 2017 – 2027. Styret har fleire gonger handsama ulike endringar og tilpassingar, og hovudmålet har vært å få til ein plan som på enkel og oversiktleg måte syner kva som er unikt og viktig i landskapsvernområdet, kvifor det er viktig å taka vare på dei natur- og kulturverdiane ein kjenner til, og samstundes lage ein plan som synleggjer moglegheitene til å drive eit tilpassa landbruk og friluftsliv.

I samband med revisjonsarbeidet har det vore gjennomført fleire møter med eksterne bidragsytarar, der både lag, foreiningar, organisasjonar samt einskilde har kome med innspel. Det har vore to møter med Fagleg rådgjevande utval og likeeins med Administrativt kontaktutval. Vidare har det vore to møter med Brattefjell-Vindeggen villrein- og utmarkslag som er den viktigaste grunneigartilslutninga i landskapsvernområdet.

Utkast til forvaltningsplan 2017 – 2027 har vore til fagleg gjennomgang i Miljødirektoratet, og dei sa i brev dagsett 22.03.16 at planutkastet kunne leggjast ut til offentlig høyring etter å ha gjennomført nokre justeringar. Disse justeringane er no gjennomførde, og planutkastet må sjåast på som klar for høyring.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret meiner utkast til forvaltningsplan for 2017 – 2027 kan leggjast ut til offentlig høyring. Høyringsfristen er 8 veker frå den leggjast ut. Det sendast brev med informasjon om høyringa til alle aktuelle interessentar, men planutkastet blir berre tilgjengeleg på nettet.



Sak 30/16

Signaturrett – fullmakt til styrets leiar.

Kort om saka

I samband med at Miljødirektoratet i 2015 revidera vedtekter for alle nasjonalpark- og verneområdestyrer, blei det gjort ein endring av vedtektenes punkt 2. Der kjem det fram at styrene er å sjå på som eigen juridisk person med mynde til å inngå avtaler og taka på seg pliktar innafor dei økonomiske rammene som styret disponerer.

Det betyr at styret må skaffe seg organisasjonsnummer. Dette får ein ved å registrera seg i Brønnøysundregisteret. Når styret skal registrera seg må skjemaet «Samordnet registermelding» fyllast ut. Til skjemaet skal det følgje med nokre vedlegg. Desse er vedtekter for verneområdestyret, brev frå direktoratet om oppnemning av gjeldande styre, samt eit styrevedtak med fullmakt til styreleiar om å inngå avtaler og taka pliktar på vegne av styret – så kalla signaturrett.

Vedlegg

Brev frå Miljødirektoratet, dagsett 07.12.15 (dok. 2014/4438 – 12).

Framlegg til vedtak

Verneområdestyret gjev styrets leiar fullmakt til å inngå avtaler og taka på seg pliktar på styrets vegne – signaturrett.